

# Evalueringsrapport II for openscience.no

Rapport 2024

Sikt open forsking (LÅT)

Mars 2025



# Innhald



Samandrag .....	3
1 Innleiing .....	4
2 Endringar i volum for nettstaden 2023-24 .....	4
3 unit.no og openscience.no .....	5
4 Godt besøkte nettsider .....	5
5 Gjennomføring av spørjeundersøking .....	5
6 Respondentar og målgruppe .....	6
7 Generelt, kor fornøgd er du med nettstaden? .....	6
8 Endringar i svar i Likert-skala .....	7
9 Tiltak som er gjennomførte .....	8
9.1. Engelske nettsider .....	8
9.2. Publiser og les-avtalar .....	9
10 Konklusjon .....	9
11 Vegen vidare .....	9

# Samandrag

Hausten 2023 vart det gjennomført ei første brukarundersøking for nettstaden openscience.no, og våren 2024 vart det publisert [ein rapport frå denne undersøkinga](#).

Ei andre brukarundersøking vart gjort hausten 2024, og ho blir presentert i det følgande.

Denne rapporten vil samanlikne resultata for 2023 og 2024. I tillegg vil han gjere greie for arbeidet som vart gjort i 2024 og noko om planane vidare.

Det var 15 respondentar som svarte på undersøkinga for 2024. Dei er i all hovudsak (13 av 15) tilsette i UH-sektoren; alle jobbar med administrasjon av forskingsressursar og/eller forskingsadministrasjon. 14 av 15 respondentar oppgir at dei bruker nettstaden til hjelp i arbeidet sitt. Nettstaden har derfor, som tidlegare, eit sterkt preg av fagnettstad.

Samanlikna med evalueringa frå 2023, er det auka tilfredsheit. Heile 14 av 15 respondentar oppgir at dei er fornøgde eller svært fornøgde med nettstaden generelt.

Respondentane vart bedne om å evaluere 12 påstandar gjennom ein Likert-skala. Dei mest positive resultata er at respondentane ville anbefalt nettstaden til en kollega eller samarbeidspartner. 14 av 15 er samde i det. Vidare ser den tekstlege informasjonen ut til å vere korrekt, nettstaden er enkel å finne fram på, og han er tilfredsstillande oppdatert.

I 2024 har det vore arbeidd vidare med det respondentane meinte ikkje dekte deira informasjonsbehov i tilstrekkeleg grad, ifølge 2023-rapporten. Dette gjaldt særleg informasjon om publisering og les-avtalar og engelske nettsider. No meiner høvesvis berre 0 av 15 og 2 av 15 at informasjonsbehovet stendig ikkje er dekt.

Vi meiner vi har god brukartilfredsheit knytt til informasjon om lisensavtalar og open tilgang, og nettstaden blir generelt rekna som godt oppdatert og etterretteleg. Vi vil halde fram med vidareutvikling og kvalitetssikring av innhaldet vi har.

Når det gjeld vidareutvikling i form av nye tenester, vil dette bli gjort greie for i eit eige notat som følger.

## [Summary in English: Evaluation II of openscience.no – 2024](#)



# 1 Innleiing

Sikt, ved produktområdet Open forsking (LÅT), driftar og redigerer nettstaden [openscience.no](https://openscience.no).

Våren 2024 vart første [evalueringsrapport for openscience.no](#) publisert. Han bygde på informasjon om trafikk på nettstaden for 2023, samt resultata frå ei kvalitativ evaluatingsundersøking som vart gjennomført seinhaustes 2023.

I evalueringsrapporten for 2023 vart det gitt lovnad om at det skulle bli gjennomført ei tilsvarende brukarundersøking hausten 2024, med rapport frå den primo 2025. Undersøkinga er gjennomført som planlagt, og resultata blir presenterte i det følgande.

Denne rapporten er mindre omfattande enn fjaråret sin. Det er fordi vi utelet informasjon om bakgrunn, organisering, målgrupper, gjennomføring av evalueringa osv., der dette er eins med den førre undersøkinga og handsama i førre rapport.

I det følgande vil vi primært samanlikne resultata frå 2023 og 2024. I tillegg vil vi gjere greie for arbeidet som har vore gjort det siste året, og kva planane er vidare.

## 2 Endringar i volum for nettstaden 2023-24

	Unike sider	Nyheitssaker (f.o.m. lansering 07/21)
2023	268	64
2024	309	88

Auken i unike sider skuldast først og fremst at det har blitt oppretta fleire engelskspråklege sider. Mellom anna har kvar [heimeside for avtalane som tillét open publisering](#) fått ein [engelskspråkleg parallel](#), til hjelp for forskarar som ikkje beherskar skandinavisk.

Det vart publisert 24 [nyheitssaker](#) i 2024. Komande arrangement som kan vere av interesse visast òg i ein eigen [arrangementskalender](#) som dekkjer kvart halvår.



## 3 unit.no og openscience.no

Openscience.no vart utvikla i 2021 av daverande Unit. Fordi det var ønske om eit liknande grafisk uttrykk som unit.no sitt og for å halde kostnadane nede, arva openscience.no malane til Unit sine nettsider og vart såleis underlagt nettstaden. Malane er stendig i bruk.

Unit.no er avpublisert og peiker til sikt.no, men nettsidene deira eksisterte lenge etter etableringa av Sikt. Unit.no og openscience.no vart skilde i den underliggende strukturen først i februar 2024, og i september same år vart publiseringssystemet Drupal oppgradert. Deretter vart siste rest av unit-domenet fjerna frå openscience-domenet. Før dette hadde openscience.no inkludert sidevisningar frå unit.no i statistikken.

At ikkje funksjonaliteten er optimal, er derfor ei uheldig følge av å vere underlagt gamle Unit sin nettstad. Resultatet er at det ikkje er sikre tal for trafikken som gjer samanlikning med fjaråret mogleg. Venteleg vil vi ha høve til å samanlikne 2025-tala med 2026-tala, altså første året etter at unit.no er heilt skild ut frå nettstaden.

## 4 Godt besøkte nettsider

Om vi ikkje kan talfeste trafikken på nettstaden, er det likevel mogleg å sjå kva for sider på domenet som har godt besøk. Av statistikken vi kan lese ut frå analyseverktøyet Matomo, kan vi sjå at dei mest besøkte sidene er dei som beskriver [Sikts lisensavtalar](#). Sidene med [nyheitssaker](#) og [aktivitetskalender](#) har god trafikk, til liks med sidene om [prosjekt og initiativ i Noreg og internasjonalt](#). Det er desse sidene som blir prioriterte i det redaksjonelle arbeidet.

Det er enno tydeleg at openscience.no brukast som ein fagnettstad for dei som arbeider med open forsking profesjonelt. Det blir stadfesta i svara frå spørjeskjemaet, som vi skal sjå i punkt 6 nedanfor.

## 5 Gjennomføring av spørjeundersøking

Som tidlegare sendte vi ut eit spørjeskjema (Nettskjema frå UiO) med 5 lukka spørsmål og oppfordring til bruk av tekstfelt. I tillegg bestod skjemaet av ein Likert-skala med 12 positivt formulerte påstandar. For å ha eit godt samanlikningsgrunnlag, var 2024-skjemaet identisk med 2023-skjemaet. Vi kontakta dei same gruppene og med same svarfrist.

I 2023 fekk vi 42 svar. Dessverre var det ikkje fleire enn 15 som svarte denne gongen. Kanskje den låge svarraten skuldast at brukarane av nettstaden har fått meldt inn det dei ønskte å melde i førre runde og at dei anten ikkje har noko å tilføye eller meiner det dei har meldt har blitt ordna opp i. Trass i låg svarrate håper vi likevel at resultata kan gi ein peikepinn om korleis nettstaden fungerer.

Evalueringa i 2023 var særstundt nyttig i den forstand at det har vorte jobba vidare med dei konkrete innspela som har kome. Her vil vi altså sjå om arbeidet har gitt resultat og kva det er naturleg å satse på vidare.



## 6 Respondentar og målgruppe

For 2024-undersøkinga gjeld dette:

- 13 av 15 respondentar jobbar i UH-sektoren, alle med administrasjon av forskingsressursar og/eller forskingsadministrasjon
- 14 av 15 respondentar oppgir at dei bruker nettstaden til hjelp i arbeidet.

Som i 2023 viser tala tydeleg at nettstaden nesten utan unntak brukast som eit fagnettstad for sektoren. Det er også dette som er den primære målgruppa vår – brukarar som arbeider med åpen forsking profesjonelt.

## 7 Generelt, kor fornøgd er du med nettstaden?

	Svært fornøgd	Fornøgd	Nøytral	Misfornøgd	Svært misfornøgd	Inga mening
<b>2023</b> <b>42 svar</b>	4	24	10	3	1	0
<b>2024</b> <b>15 svar</b>	3	11	0	1	0	0

**2023:**

- 28 av 42 respondentar (66,7 %) er fornøgde eller svært fornøgde med nettstaden.
- 10 av 42 (23,8 %) er nøytrale.
- 4 av 42 (9,5 %) er misfornøgde eller svært misfornøgde.

**2024:**

- 14 av 15 respondentar (93 %) er fornøgde eller svært fornøgde med nettstaden.
- Ein av 15 er misfornøgd (6,7 %).



## 8 Endringar i svar i Likert-skala

Svara er sorterte fra «Svært enig» og nedover til og med siste (sjette) kolonne for 2023. For å gjere samanlikninga lettare, kjem påstandane i same rekkefølgje i 2024-tabellen.

### 2023

Utsagn	Svært enig		Enig	Verken enig eller uenig (nøytral)	Uenig	Svært uenig	Ingen formening / ønsker ikke å svare	Verdi
Jeg ville anbefalt nettstedet til en kollega / samarbeidspartner som har interesse for fagfeltet	10		23	5	1	2	1	1
Det er / virker enkelt å komme i kontakt med redaksjonen med spørsmål eller innspill til ny informasjon	5		11	13	3	1	9	
Nettstedet gir et godt inntrykk av virksomheten (Sikt)	4		18	14	2	2	2	
Nettstedet dekker mitt spesifikke informasjonsbehov innen området	3		23	9	4	2	1	
Nettstedet er godt organisert og enkelt å finne fram på	3		20	13	3	2	1	
Hver enkelt nettside er ryddig og oversiktlig	2		29	10	1	0	0	
Mengden tekst på hver enkelt nettside er jevnt over passelig	2		27	11	0	0	2	
Den tekniske informasjonen ser ut til å være korrekt	2		26	12	1	0	1	
Det er god lenking til sider som gir nyttig ekstrainformasjon	2		24	11	2	0	3	
Det er god balanse av informasjon om de ulike områdene innen åpen forskning	1		19	16	2	0	4	
Nettstedet er tilfredsstillende oppdatert (praktisk informasjon, nyheter, aktiviteter osv.)	0		18	16	5	2	1	
De engelske nettsidene dekker informasjonsbehovet til forskere som ikke behersker skandinavisk	0		8	9	9	4	12	

### 2024

Utsagn	Svært enig		Enig	Verken enig eller uenig (nøytral)	Uenig	Svært uenig	Ingen formening / ønsker ikke å svare	Verdi
Jeg ville anbefalt nettstedet til en kollega / samarbeidspartner som har interesse for fagfeltet	7		7	1	0	0	0	
Det er / virker enkelt å komme i kontakt med redaksjonen med spørsmål eller innspill til ny informasjon	4		5	3	0	0	3	
Nettstedet gir et godt inntrykk av virksomheten (Sikt)	2		5	5	0	0	3	
Nettstedet dekker mitt spesifikke informasjonsbehov innen området	2		9	2	1	1	0	
Nettstedet er godt organisert og enkelt å finne fram på	1		11	2	1	0	0	
Hver enkelt nettside er ryddig og oversiktlig	1		10	3	1	0	0	
Mengden tekst på hver enkelt nettside er jevnt over passelig	1		10	1	1	0	2	
Den tekniske informasjonen ser ut til å være korrekt	3		10	1	1	0	0	
Det er god lenking til sider som gir nyttig ekstrainformasjon	0		10	2	2	0	1	
Det er god balanse av informasjon om de ulike områdene innen åpen forskning	2		6	3	0	1	3	
Nettstedet er tilfredsstillende oppdatert (praktisk informasjon, nyheter, aktiviteter osv.)	2		10	2	0	0	1	
De engelske nettsidene dekker informasjonsbehovet til forskere som ikke behersker skandinavisk	0		4	3	0	2	6	



Endringane viser at påstandane som er betre vurderte denne gongen, er knytt til at (i søkkande rekkefølge)

- den tekstlege informasjonen ser ut til å vere korrekt
- sidene er tilfredsstillende oppdaterte
- brukaren får dekt informasjonsbehovet sitt

Likert-skalaen viser som dei mest positive resultata at respondentane ville anbefalt nettstaden til en kollega eller samarbeidspartner. 14 av 15 er samde i det. Den tekstlege informasjonen ser ut til å vere korrekt (13 av 15 respondentar). Vidare er nettstaden enkel å finne fram på (12 av 15) og tilfredsstillende oppdatert (12 av 15).

## 9 Tiltak som er gjennomførte

Det som vart trekt fram som negativt i 2023-evalueringa, var først og fremst knytt til dei engelske nettsidene der det var sakna meir informasjon, følgd av oppdateringar på nettsidene om publisering og lesavtalar. Ut frå svar i tekstfelta ser det helst ut til å gjelde tittellister for tidsskrifta.

På bakgrunn av desse resultata, har innsatsen i 2024 først og fremst vore slik:

### 9.1. Engelske nettsider

I 2023 var 13 av 42 respondentar (31 %) ueinige<sup>1</sup> i at sidene dekte informasjonsbehovet til forskrarar som ikkje meistrar skandinavisk.

I 2024 er det tilsvarende talet 2 av 15 (13 %).

Dette er gjort:

Som lova i 2023-rapporten vart det sendt ut eit spørjeskjema der vi bad deltagarane i lisensavtaler beskrive arbeidsflyten ved institusjonane som har behov for engelske nettsider, for å kunne planleggje vidare arbeid. Dette vart gjort våren 2024. Vi fekk tre svar, der berre éitt av dei følgde oppmodinga om å kome med konkrete innspel via tekstfelt. [Skjemaet er open](#), og vi tar gjerne imot fleire svar.

Alle avtalesider for publisering og lesavtaler har fått tilsvarende sider på engelsk.

Nyheitssaker som er knytt til avtalane blir publiserte både på norsk og engelsk.

Særleg for arrangement er det lagt vekt på å presentere på engelsk, sjølv sagt òg fordi fleire av arrangementa rettar seg mot ein stadig større del forskrarar som ikkje meistrar skandinavisk.

---

<sup>1</sup> Grunnen til at tala visast som negasjon her og i 9.2, er at svara der respondentane er nøytrale eller ikkje har mening er utelatne. Tala viser derfor kor mange som er aktivt ueinige i påstandane.



## 9.2. Publiser og les-avtalar

Om ein tar utgangspunkt i at påstanden «Nettstaden er tilfredsstillande oppdatert» i størst mon gjeld informasjon om publiser og les-avtalane, er resultatet slik:

I 2023 var 7 av 42 respondentar (17 %) ueinige i at sidene var tilstrekkeleg oppdaterte.

I 2024 er det tilsvarande talet 0 av 15 (0 %).

Informasjon om publiser og les-avtalane blir oppdaterte etter behov og minst for kvart kalenderår. Tittellister frå forlaga blir fortløpande publiserte på nettstaden så snart vi har dei i hende.

Vi har informert deltakarane i lisensavtalar om [arbeidet med tittellister](#) for publiser og les-avtalane, og om arbeidet opp mot Kanalregisteret. Undersøkinga, og førespurnadar via e-post, viste at det herskar forvirring der det er diskrepans mellom openscience.no og Kanalregisteret. Vi har etablert tettare kontakt med HK-dir slik at informasjonen der Sikt er kjelde skal bli korrekt, og dette samarbeidet går bra.

## 10 Konklusjon

Vi meiner vi har tilfredsstillande brukartilfredsheit knytt til informasjon om lisensavtalar og open tilgang, og nettstaden blir rekna som godt oppdatert og etterretteleg. Vi vil halde fram med vidareutvikling og kvalitetssikring av innhaldet vi har.

Evalueringane, både årets og fjarårets, har vore svært nyttige for å sjå kva brukarane er opptekne av og kva dei ønsker meir eller betre informasjon om. Tilbakemeldingane er til stor hjelp for å stake ut ein kurs for vidare arbeid.

Takk til de som tok dykk tid til å svare!

## 11 Vegen vidare

Nettstaden openscience.no har vist seg å vere ein levedyktig nettstad om open forsking særleg innan UH-sektoren, og med potensiale for å dekke fleire aspekt knytt til dette fagområdet. Det ligg føre planar om å integrere fleire ulike tenester i fortsetjinga.

Denne evalueringa har likevel ikkje som mandat å skissere kva vegen vidare kan vere, og prosjekta som er på blokka krev avklaringar og vidare planlegging. Resultata av dette arbeidet vil bli handsama i eit komande notat. Til liks med denne evalueringa, vil det bli publisert på nettstaden.

